

Gøy på skisamling!

23.11.2015



Klar til innsats laurdag føremiddag.

**Sist helg inviterte skigruppa i UIL til barmarksamling. Med verforandringar og kaldare ver måtte det opprinnelge programmet endrast og tilpassast. Dermed vart også ein del av barmarksamlinga også den første snøsamlinga denne sesongen. I etterkant kan både leiarar og deltakarar slå fast at det vart ei særdeles vellukka samling!**

Om lag 30 unge skiløparar deltok på samlinga. Deltakarane var delt i dei tre vanlege treningsgruppene etter alder. Seks av dei faste trenarane stod for instruksjonen, men dei fekk også god hjelp av andre.

Laurdag var skulle det etter planen leggjast vekt på rulleski-gåing, men då det kalde veret hadde gjort det glatt, måtte denne delen utgå. Dermed måtte ein improvisera noko. Likevel fekk deltakarane godt treningsutbyte både gjennom turar, aktivitetar inne i hallen, og ute. Innimellom var det lunsj og fruktmåltid før dagen vart avslutta med taco-middag og mykje sosial moro på kvelden. Mange frå foreldregruppa var gode hjelparar i dette arbeidet.

Søndagsprogrammet vart heilt annleis enn planlagt. Nylagt snø gav muligheter for det. Dermed fekk dei unge skiløparane gjera det dei likar aller best: gå på ski under bra snøforhold!

Dei to yngste treningsgruppene reiste til Blådalsdemninga. Der var det kome 20 cm nysnø, og treningsforholda var flotte. Innimellom treningsøktene kosa dei seg med grilling og varm solbærtoddy. Eldste gruppa reiste til Valldalen i Røldal. Der var det forhold slik ein drøymer om. Flotte løyper og gode treningsforhold! Ikke rart det var fornøgde og litt slitne born og ungdommar som kom heim etter ein perfekt dag i nydeleg ver som avslutning på ei flott treningshelg. Dette gav nok både treningsutbyte og inspirasjon!



Full jogg opp Skogavegen på Friheim. Yngste gruppe.



Dei yngste på tur.



Utsikt mot Fjellandsbøvatnet.



Mellomgruppa har pause i joggeturen ved kalkestasjonen.



Også trenarane treng lunsj.



Aktivitet i hallen.



Aktivitet på kunstgrasbanen



Flotte forhold på Blådalsdemningen



Kos med grilling og varm solbærtoddy!



Flotte løypeforhold i Valldalen.



Nokre av dei som var i Valldalen



Herleg!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Arvid Hjelmeland, Ingebjørg Haugland, Knut Johannes Ripel, Cathrine Haugland.